

Stad: Langevåg Bygdatun AS, Langevåg

Dato: Onsdag 11.05.2022

Registrering av stemmer frå kl. 17:00 - 17:50. Oppmøte etter kl. 17:50 gir ikkje stemmerett på årsmøtet.

SAKLISTE

SAK 1.	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.....	2
SAK 2.	GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ ÅRSMØTE 15. JUNI 2021	2
SAK 3.	VAL AV TO PERSONAR TIL Å SKRIVA UNDER MØTEBOK OG VAL AV TO VALOBSERVATØRAR	2
SAK 4.	GODKJENNE ÅRSMELDING FOR 2021	2
SAK 5.	GODKJENNE RESULTATREKNESKAP OG BALANSE FOR 2021	2
SAK 6.	GJERA VEDTAK OM DISPONERING AV OVERSKOT	3
SAK 7.	FASTSETJA GODTGJERSLE TIL STYRET OG VALNEMND	9
SAK 8.	FASTSETJA GODTGJERSLE TIL REVISOR	9
SAK 9.	VELJA REVISOR	9
SAK 10.	VELJA STYRE OG STYRELEIAR	9
SAK 11.	VELJA VALNEMND ETTER FORSLAG FRÅ STYRET	13
SAK 12.	VEDTEKSENDRINGAR.....	14



Sak 1. Godkjenning av innkalling og sakliste

Tilråding til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend.

Sak 2. Godkjenning av møteboka frå årsmøte 15. juni 2021

Tilråding til vedtak:

Møteboka for årsmøte 15. juni 2021 vert godkjend.

Sak 3. Val av to personar til å skriva under møtebok og val av to valobservatørar

Sak 4. Godkjenne årsmelding for 2021

Tilråding til vedtak:

Framlagd årsmelding for 2021 vert godkjent som årsmelding for Finnås Kraftlag SA.

Sak 5. Godkjenne resultatrekneskap og balanse for 2021

Tilråding til vedtak:

Rekneskapen vart gjennomgått, og i samsvar med revisjonen si tilråding godkjend.

Sak 6. Gjera vedtak om disponering av overskot

Styret sitt framlegg til resultatdisponering/tilråding til vedtak:

Disponering av årsresultat	35 968 358
Gåver til allmennyttige føremål	3 095 505
Avsett til annen egenkapital	20 372 853
Utdeling av kjøpsutbytte til medlemmer ¹	12 500 000
SUM disponeringar	35 968 358

¹ Kjøpsutbytte vert fordelt etter medlemmene si omsetting med kraftlaget gjennom 2021.

Styret foreslår at fylgjande allmennyttige gåver vert gitt:

Gåvefond disponert av styret	1 200 000
Rubbestadnes idrettslag - padelbane	100 520
Bømlo Turlag/Bergen&Hordland Turlag - Kysthytte	1 400 000
Bremnes skyttarlag - miniatyrskytebane	394 985
Sum allmennyttige gåver	3 095 505

For alle gåvetildelingar gjeld fylgjande:

Før beløpet vert utbetalt må søker ha gjort formdelt vedtak om igangsetting av prosjektet, og det faktiske arbeidet må vera kome i gong. I tillegg må det liggja føre bindande finansieringsplan med tilsegn. 50% av stønadsbeløpet vert utbetalt ved oppstart og resten når prosjektregnskap er lagt fram.

Følgjande premissar ligg til grunn for styret sine tilrådingar om allmennyttige gåver.

Finnås Kraftlag SA er eit allmennyttig samvirkelag med skiftande medlemstal og kapital. Det at Kraftlaget er eit allmennyttig selskap vil seie at det skal vera til gagn for allmenta.

I vedtektene § 2 står det at Kraftlaget kan yta gåver til tiltak med allmennyttige føremål i konsesjonsområde.

I "Lov om samvirkeføretak" § 34 Gåver står det:

(1) Årsmøtet kan vedta å gi høvesgåver, og dessutan gåver til samvirkeformål eller allmennyttige formål som er rimelege utifrå formålet med gåva, stillinga til føretaket og omstenda elles. Retten til å gi gåver kan delegerast til styret eller eit anna organ.

(2) Styret kan til same formål gi gåver som har lite å seie i forhold til stillinga til føretaket.

Etter praksis sett på årsmøta, har øvste grensa for utdeling av midlar liggje på ca. 3 mill.kr. Det er naturleg at ein vurderer ut frå overskot i verksemda.

Gåva/forskoteringa skal vera allmennyttig. For at gåver til utbyggings-/rehabiliteringsprosjekt skal handsamast av årsmøte, bør utbyggingskostnaden på prosjektet vera minst kr. 400.000. For spesielle prosjekt som styret vurderer som årsmøtesak, kan totalkostnaden med prosjektet vera lågare.

Med allmennyttig føremål meiner ein:

- Idretts- og kulturbygg/anlegg.
- Forsamlingshus/Lagshus

Årsmøte kan kvart år setja av inntil kr. 1.200.000 til fond for allmennyttige føremål (eldre, ungdom, m.v.), som styret disponerer.

Søknadane om gåver må gjerast på utarbeidd skjema. Skjema er bygd opp på same måte som søknad om tippemidlar.

Søknadar 2021 – tilråding frå styret

1. Søknad om gåve til etablering av padelbanar – Rubbestadneset IL

Rubbestadnes Idrettslag har planar om å etablere to utandørs Padelbanar med tak over. Padel har si opprinning i Mexico og er ein idrett i sterk vekst i Noreg. Førebels er det ingen banar på Bømlo. Idretten kan samanliknast med tennis/squash og er ein idrett alle aldersgrupper kan ta del i. Rubbestadnes IL har ei aktiv badmintongruppe, og dei reknar difor med at det og vil vera stor interesse for Padel. Dei viser og til at det er ein fordel at idretten kan utøvast utandørs i desse Coronatider. For at ein skal kunne bruke banane i all slags vær, har dei ynskje om å byggje tak over banane. Dei påpeikar og at banane vil bli heilskapleg tilpassa og bygd for både funksjonsfriske og bevegelseshemma brukarar.

Budsjett viser ein totalkostnad på kr. 1 436 000,

Styrevedtak/innstilling:


Styret ser positivt på søknaden til Rubbestadnes IL om gåve til etablering av padelbanar, og vil tilrå at årsmøtet støttar prosjektet med kr. 100 520,- som er 7% av prosjektkostnad.

2. Søknad om gåve til kysthytte – Bømlo Turlag/ Bergen & Hordaland Turlag

Turlaga ynskjer å skape ein aktivitetsarena som base for organisert aktivitet innan kystfriluftsliv. Kråkeneset skal ikkje berre vera ei hytte som langvegsfarande kan reise til, men også ein gratis aktivitetsarena for ålmenta. Det er planar om at skuleklassar og organisasjonar kan bruke hytta og området, men uteområdet skal og vera opent for uorganisert aktivitet året rundt. Større grupper og skuleklassar vil vera prioritert i høve overnattingstilbodet.

Arenaen vil bestå av eit bryggjeanlegg, eit fellesanlegg med utstyr og sosial møteplass, og tre mindre einingar for overnatting (samla 30 senger). Bryggjeanlegget og fellesanlegget vil vera opent for ålmenta året rundt og gratis å besøke og bruke.

Det er ønskeleg å kombinere aktivitetsarenaene med god overnattingskapasitet både i høve friluftslivsskular og leirar for barn og unge, samt skuleklassar. Arenaen vil også vere ein viktig stad for å halde kurs, til dømes i padling.



Kysthytte Kråkeneset



Billett 4: Kråkeneset ligg midt på Bømlo, i sjøve indrefløyen av turlagper og aktivitetsilbod.

Kysthytte Kråkeneset



Figur 3: Skisse på utvikling av Kråkeneset med bryggjeanlegg, fellesanlegg med naust/foyerikale og hytter for overnatting

Bømlo kommune har signert ein treårig intensjonsavtale med turlaget om overdraging av areal for oppføring av anlegga og utvikling av aktivitets- og kurstilbodet.

I søknaden er det trekt fram at det er eit sterkt ynskje frå Bømlo kommune, Bømlo Turlag og lokalbefolkninga om å få etablert ein allmenn aktivitetsarena med kysthytte og overnattingstilbod på Bømlo. Det vert og opplyst om at formålet er særleg å styrke tilbodet for aktivitet for barn og unge, samt universell tilkomst og deltaking for menneske med funksjonsnedsetting.

Budsjettet for heile anlegget er på 20 millionar og foreininga søker om kr. 3 millionar i støtte frå Finnås kraftlag.

Styrevedtak/innstilling:

Styret ser positivt på søknaden til Bømlo Turlag om gåve til etablering av Kysthytte og aktivitetssenter, og vil tilrå at årsmøtet støttar prosjektet med kr. 1 400 000,- Dette er 7% av prosjektkostnad.

3. Søknad om gåve til miniatyrskytebane – Bremnes skyttarlag

Bremnes Skyttarlag ynskjer å etablere ein innandørs miniatyrskytebane ved sida av 100m og 200m skytebane og skyttarhuset på Gilje. Miniatyrbana vil gi barn og ungdom eit alternativ til andre idrettar og idretten passar og for personar med enkelte handikap og funksjonshemmingar. Prosjektet vil gjere sitt beste for å leggje til rette for slike brukarar og søker difor om ca.10% i støtte. Bana vil og vera til nytte for seniormedlemmar av laget.

Bremnes Skyttarlag har arbeida med planar for dette prosjektet i fleire år, men når nå tippemiddelsøknad er godkjent så er det blåst meir liv i prosjektet og dei håpar på byggjstart så snart alt det formelle er på plass.

Søknad om reguleringsendring er inne til handsaming i Bømlo kommune og forventast godkjent på nyåret 2022.

Budsjettet for prosjektet er på kr. 5 642 637,-. Dei søker om kr. 550 000,- i støtte.



Styrevedtak/innstilling:

Styret ser positivt på søknaden til Bremnes Skyttarlag om gåve til etablering av miniatyrskytebane på Gilje og føreslår at årsmøtet gir kr. 394.985,- i gåve til organisasjonen. Dette er 7% av prosjektkostnad.

Søknad under beløpsgrense

1. Jubileumsbok Moster kyrkje 150 år – Moster sokneråd

Moster sokneråd ynskjer å gi ut ei jubileumsbok i samband med at Moster kyrkje vert 150 år i 2024. Arbeidet er i gang og boka er planlagd ferdig til oktober 2023. Boka er planlagd i A4 format og på inntil 300 sider. Dei ser for seg eit opplag på 300 + 100. Boka vil bli distribuert gjennom lokale bokhandlarar og eige sal. Dei vil dra dei store linjene frå 995 og fram til den nye kyrkja vart reist på Eikeland. Boka vil ikkje berre ha noko å seie for dei som samlast i kyrkja i dag, men vil ha kulturhistorisk verdi og interesse for eit langt større publikum også for ettertida. Randi Olsen har teke på seg oppdraget som redaktør for boka. I bokkomiteen elles finn me lokale krefter med historisk interesse.

Budsjettet viser ein totalkostnad på kr. 288 000,-

Styrevedtak/innstilling:

Styret ser positivt på søknad om støtte til jubileumsbok, men sidan prosjektkostnaden er langt under kr. 400 000,- og prosjektet ikkje er planlagd ferdig før i 2023, oppmodar styret Moster sokneråd om å heller søkje om gåver utdelt av styret innan 15. september 2022.

Søknadar ikkje tilrådd innvilga

1. Reperasjon molo Lyklingsjøen – Framtid for Lykling

Framtid For Lykling har tidlegare søkt styret om gåve til utbetring av moloen som ligg i enden av Lyklingfjorden. Det vart ikkje gitt gåve til foreininga sitt prosjekt, då prosjektet vart definert som eit privat prosjekt på ein privat molo. Foreininga har no søkt om støtte frå årsmøtet då dei meiner avslaget ikkje var basert på korrekt informasjon eller forståing av den allmennyttige funksjonen moloen har for Lyklingsamfunnet.

Moloen som ligg i innseglinga til Lyklingsjøen er overdratt frå Kystverket til privat eigar. Kystverket har i 2015 laga ein tilstandsrapport for moloen og gir moloen ein tilstandsgrad 3 (TG3):

«Indre del av moloen er i god stand, men ytre del mellom holmene har skade i dekklaget og stein er kastet over molotoppen. Filterlaget på ytre side av ytre del ligger avdekket og det er stor risiko for videre skadeutvikling. Bør repareres raskt.»

Budsjettet viser ein totalkostnad på kr 402 000,-

Styrevedtak/innstilling:

Styret kan ikkje tilrå at årsmøte gir støtte til dette prosjektet då det etter styret si vurdering ikkje stettar føremålsparagrafen og premissar for utdeling av allmennyttige gåver.

2. Søknad om gåve til reperasjon av tak Mostrahuset – privat eige

Eigarane av Mostrahuset søker om gåve til å utbetre taket på Mostrahuset som ligg i innseglinga til Moster. Eigarane overtok huset i oktober 2020. Huset har stått utan vedlikehald dei siste ti åra og huset ber preg av dette. Det er spesielt taket som er kritisk då det er fleire store hol i det og det har stått slik lenge. Byggjefirmaet Kristian Steinsbø AS har tatt ein tilstandsanalyse av bygget. Dei meiner bygget er i grei stand og om taket vert skifta snarast råd, vil huset vera berga.

Mostrahuset har samarbeid med Kompani Andersen og er i dialog med Moster 2024 som treng lokale fram til 1000-års jubileumet i 2024. I tillegg har fleire lag og organisasjonar uttalt at dei støtter søknaden.

Budsjettet for reparasjonen er på kr. 620 000,-. Dei søker om kr. 600 000,- i støtte.

Styrevedtak/innstilling:

Styret kan ikkje tilrå at årsmøte gir støtte til dette prosjektet då det etter styret si vurdering ikkje stettar føremålsparagrafen og premissar for utdeling av allmennyttige gåver.

Sak 7. Fastsetja godtgjersle til styret og valnemnd

Av rekneskapen for 2021 går det fram at godtgjersla til styret og valnemnd er Kr. 517 792

Tilråding til vedtak:

Godtgjersla til styret og valnemnda vert godteken i samsvar med rekneskapen for 2021.

Sak 8. Fastsetja godtgjersle til revisor

Av rekneskapen for 2021 går det fram at det er betalt kr 110 000 for revisjon. I tillegg er det utbetalt kr. 70 000 for tilleggstenester og bistand skatt og rekneskap. (Tall for konsernet totalt hhv kr. 398 750 og 148 750)

Tilråding til vedtak:

Godtgjersle til revisor vert godteken i samsvar med rekneskap for 2021.

Sak 9. Velja revisor

Finnås Kraftlag SA har brukt Deloitte som revisor.

Tilråding til vedtak:

Deloitte vert vald til revisor.

Sak 10. Velja styre og styreleiar

Styremedlemmer på val:

- Vermund Hjelland
- Signe Lund Jansen
- Eli Furnes

Styreleiar på val:

- Torleiv Fylkesnes

Varamedlemmer på val:

- Geir Ivar Ådnes
- Stina Raknes Kvarven
- Jorunn Jacobsen Folgerø-Holm

Til årsmøtet

Innstilling frå valnemnda i Finnås Kraftlag

Valnemnda har arbeid etter instruks for valnemnda i Finnås Kraftlag SA, vedteken i styremøte 22/2-22.

Valnemnda har vore samansett slik:

Selma Karin Vestvik
Job Nedrebø
Oddgeir Alvsvåg
Jannicke Gjerdevik
Hilde Markhus (Leiar)

I instruksjonen heiter det at Valnemnda skal koma med skriftleg framlegg til årsmøtet på kandidatar til vervet som styreleiar, styremedlemmer og varamedlemmer. Valnemnda skal leggja fram og grunngi sine framlegg.

I instruksjonen heiter det vidare at *ved val av medlemmer til styret skal det leggast vekt på:*

At styret får den kompetansen som er nødvendig i både morselskapet og dotterselskapa i konsernet.

At medlemmane har gode samarbeidsevner.

I samsvar med §69 nr. 3 i Samvirkeleiva og §6 i Vedtektene skal styret setjast saman slik at kvart kjønn skal vera representert med minst tre medlemmer.

Utdanningsbakgrunn og erfaring:

Styret er eit kollegium som skal vera ein ressurs for verksemda gjennom utøving av styret sine oppgåver.

Særlege eigenskapar som kan vektleggjast ved val av medlemmer:

Styreleiar bør ha leiarerfaring, nettverk og godt omdømme for å gi verksemda eigentyngde.

Medlemmer av styret bør ha og/eller vera villig til å tileigne seg den ulike kompetansen som styret har bruk for.

Medlemmer bør også ha eigenskapar og/eller erfaring som vil styrke styrets totalkompetanse.

Valnemnda er av den oppfatning at sitjande styret oppfyller alle desse vilkåra. Me har eit godt styre med engasjerte medlemmer med allsidig kompetanse og erfaring.

Likevel har eit styre frå tid til anna behov for fornying. Når valnemnda i år innstiller til endring i styresamansetninga, er det ut ifrå ei totalvurdering av kandidatar og kompetanse. I tillegg så tenkjer ein no at ny konsernstruktur har fått satt seg, og at ny administrerande direktør er på plass.

Valnemnda si innstilling er som fylgjer:

Torleiv Fylkesnes – Innstilt som Styreleiar (1år)

Styremedlemmer (2 år) :

Vermund Hjelland - Attval. Hjelland har vore vara til styret sidan 2017 og blei valt inn som styremedlem i 2018. Hjelland har jobba som direktør for Teknologi og utvikling i Eidesvik Offshore ASA. Frå august 2021 har han vore administrerande direktør i Servogear.

Signe Lund Jansen – Attval. Jansen har vore vara til styret frå 2009 og styremedlem sidan 2011. Jansen er administrerande direktør i Eidesvik Invest AS.

Jorunn Jacobsen Folgerø-Holm - På val. Folgerø-Holm har vært valt som vara sidan 2015. Folgerø-Holm har lang leiarerfaring fra kommunal verksemd i forskjellige stillingar innan helse og omsorg. I dag jobbar ho som rådgjevar for Bømlo kommune.

Varamedlemmar blir valt for 1 år om gangen :

1.vara: **Geir Ivar Ådnanes** (attval) – Ådnanes har vært valt vara sidan 2021. Han har hatt ulike leiarstillingar i Bremnes Seashore. I dag jobbar han som fabrikk sjef her.

På heimegarden på Ådnanes er han med å produserer egg og mjølk saman med kona og faren.

2. vara: **Stina Raknes** (attval) - Raknes har vært valt vara sidan 2018. Bakgrunn som lærer og kompetanse innan marknadsføring, identitets og merkevarebygging. I dag jobbar ho som informasjons- og administrasjonsleiar for Bømlo Folkehøgskule.

3. vara: **Nina Ingvaldsen** (på val) – Ingvaldsen arbeidar som dagleg leiar i Bømlo næringsråd, og har eit brennande engasjement for nærings- og samfunnsutvikling. Ingvaldsen har budd vekk frå Bømlo i perioden 2000 til 2017. Målet med å flytta tilbake til Bømlo, var å få meir tid til familieliv, hobbyar og vener, og bruke mindre tid av livet i kø.

Notlandsvåg 30.03.22

Hilde Markhus

Leiar valnemnda

Sak 11. Velja valnemnd etter forslag frå styret

Iflg vedtektene § 8.2 , styret sine gjeremål, går det fram at styret skal fremja forslag på valnemnd til årsmøte.

Utdrag frå § 9, valnemnd:

Kraftlaget skal ha ei valnemnd med fem medleamar.

Medlemene i valnemnda vert valde for to år om gongen, men slik at to og tre går ut annakvart år. Årsmøtet vel og leiar.

Valnemnda har vore samansett slik:

Hilde Markhus	På val i 2022
Selma Karin Vestvik	På val i 2022
Job Nedrebø	På val i 2022
Jannicke Gjerdevik	Ikkje på val i 2022.
Oddgeir Alvsvåg	Ikkje på val i 2022.

Leiar har vore Hilde Markhus. Leiar vert vald for eit år om gongen og er difor på val kvart år. Hilde Markhus og Job Nedrebø ønsker ikkje å ta attval.

Framlegg til vedtak:

Styret føreslår for årsmøtet følgjande medlemmer i valnemnda:

Selma Karin Vestvik, attval
Idar Larsen, ny
Torhild Ingeborg Taraldsøy, ny

Leiar:

Oddgeir Alvsvåg

Sak 12. Vedtektsendringar

Som ein konsekvens av omorganisering til konsern er det nødvendig å tilpasse vedtektene for å sikre årsmøtet sin kontroll over dotterselskapa. Styret foreslår samtidig nokre korrigeringar av vedtektene. Framlegg til endringar og grunngjeving er lista opp nedanfor. Framlegg til reviderte vedtekter, samt gjeldande vedtekter, er vedlagt saka.

Dei fleste endringane er rekna som mindre vedtektsendringar med unntak av endringa i § 12 som er rekna som vesentleg då ein tolkar at dette må følgje same prosedyre som det den aktuelle paragrafen regulerer.

Ein vel å handtere desse endringane samla og i samsvar med kriteria for vesentlege vedtektsendringar. Det krevst såleis 4/5 fleirtal på to etterfølgjande ordinære årsmøte før dei er endeleg vedtatt. Dette er andre gang saka er oppe til handsaming av årsmøtet. I 2021 vart forslaget einstemmig godkjent.

- **1. endring: Ivareta eigarane sin kontroll over dotterselskapa**

Bakgrunn for endringsforslag

Stortinget vedtok 18.03.2016 endringar i energilova og innførte krav om selskapsmessig og funksjonelt skilje. For å tilpasse seg lovkrava gjennomførte Finnås Kraftlag ei omorganisering til konsern gjeldande frå 01.01.2020.

Årsmøte 2019 handsama denne saka. I saksframlegget stod det at omorganiseringa skal gjennomførast slik at ho får så få verknader og endringar som mogleg for medlemmene i Finnås Kraftlag, og ivareta eigarskap til eksisterande verksemdsområde.

For å ivareta eigarane sin kontroll over dotterselskapa foreslår ein desse vedtektsendringane:

- 1) **Nytt kulepunkt under § 2 Føremål:**

eiga aksjane i dotterselskapa Finnås Kraftlag AS og Bømlo Kraftnett AS

- 2) **Nye avsnitt under § 12.1 Vedtektsendringar**

1. *Føretaket kan ikkje selja aksjar i Finnås Kraftlag AS og Bømlo Kraftnett AS utan å ha innhenta godkjenning frå årsmøtet og vedtak om endring av vedtektenes § 2.*
2. *Føretaket skal berre stemme for forslag om vedtektsendringar i dotterselskap, andre avgjersler som krev kvalifisert fleirtal på generalforsamling i vedkommande dotterselskap eller sal av vesentlege aktiva i eit eller fleire dotterselskap, dersom forslaget først er vedteke på årsmøte i Føretaket med det same fleirtal som ville vore nødvendig for å vedta tilsvarande forslag i Føretaket. Dersom slik godkjenning ikkje finnast skal Føretaket stemme mot slike forslag på generalforsamlingar i dotterselskap.*

- **2. endring: Klargjering/presisering av § 4.2 Medlem kan vera**

Ordlyd i dag:

Personar som er folkeregisterførte i Finnås Kraftlag sitt konsesjonsområde og alle organisasjonar/verksemder som kjøper varer eller tenester frå laget.

For å tydeleggjera at omsetningsplikta gjeld alle medlemmer og at organisasjonar må ha aktivitet i konsesjonsområdet, foreslår me formuleringa nedanfor:

4.2 Medlem kan vera:

- *Personar som er folkeregisterførte i Føretaket sitt konsesjonsområde og som kjøper varer eller tenester anten frå Føretaket eller av eit selskap som Føretaket eig åleine.*
- *Organisasjonar/verksemder som har aktivitet i konsesjonsområdet, og som kjøper varer eller tenester anten frå Føretaket eller av eit selskap som Føretaket eig åleine.*

- **3. endring: Eintydig omtale/referanse av «føretaket»**

I gjeldande vedtekter er føretaket referert til med mange ulike ordlydar: selskapet, Finnås Kraftlag, kraftlaget, laget osv. Ordlyden er nå konsekvent endra til «Føretaket».

- **4. endring: Tilpasse ordlyd til ny konsernstruktur**

«føretaket, eller av eit selskap som føretaket eig åleine»

§ 4.2 Medlem kan vera

- *Personar som er folkeregisterførte i Føretaket sitt konsesjonsområde og som kjøper varer eller tenester anten frå Føretaket eller av eit selskap som Føretaket eig åleine.*
- *Organisasjonar/verksemdar som kjøper varer eller tenester knytt til aktivitet i Føretaket sitt konsesjonsområde, anten frå Føretaket eller av eit selskap som Føretaket eig åleine.*

§ 8.1 samansetnad og val av styre

Årsmøtet vel seks styremedlemer og tre varamedlemer i rekkje. Ein styremedlem med personleg varamedlem skal veljast av og mellom dei tilsette i Føretaket og selskap som føretaket eig åleine .

§ 11.1 Etterbetaling

Etter vedtak på årsmøte kan det gjevast etterbetaling (kjøpsutbytte) til medlemene i Føretaket på grunnlaget av kjøp av tenester frå Føretaket og/eller frå selskap laget eig åleine.

- **5. endring: fjerne sist avsnitt i § 7.6**

Ingen kan på årsmøtet ha meir enn to røyster.

Styret foreslår å fjerne denne setninga då den kan vera uklar og skapa tvil om talet på lovlege røyster. Døme: Representant frå ei bedrift kan i tillegg til å røyste på vegne av firma, også røyste som privatperson og ha ei fullmakt. Dermed vil denne personen i dette eksempelet ha meir en to røyster. Dette vil vera i tråd med vedtektene, men formuleringa «ingen kan på årsmøtet ha meir enn to røyster» kan skapa tvil om tolking.

Ved å fjerne denne setninga, endrar me ikkje på innhaldet, då § 7.6, 4. avsnitt allereie regulerer forholdet:

Alle medlemene har rett til å møta på årsmøtet, og kvar medlem har ei røyst. Ein medlem kan vera representert ved fullmektig etter eige val, men ingen kan vera fullmektig for meir enn ein medlem. Dersom fullmektigen sjølv er medlem, kan vedkomande røysta for både seg sjølv og fullmaktsgjevaren.

- **6.endring: Vedtektsendring § 12.2**

Styret foreslår at siste kulepunkt § 12.2 fjernast, då omsetnadsplikt allereie er eit krav og dermed ikkje samsvarar med § 4.2:

- ~~Innføring av omsetnadsplikt med føretaket eller vesentleg skjerping av slik plikt~~

Endring av ordlyd i § 12.2 krev 4/5 fleirtal på 2 etterfølgjande ordinære årsmøte.

Viser ellers til uttale frå advokat Disch, Deloitte:

«dette er ikke vesentlige endringer, men kun korrigeringer for å tilpasse disse til ny konsernsituasjon og ellers bare presiseringer. Ingen nye reguleringer. Dette med unntak for endringene i §12 som antas å måtte undergis samme prosedyre som den regulerer.»

Framlegg til vedtak:

Årsmøte godkjenner framlegg til ny ordlyd i vedtektene.